



Melding til Statsforvaltaren om verksemd etter forureiningsforskrifta kapittel 24: *Forurensninger fra asfaltverk*

*Skjemaet skal sendast elektronisk til Statsforvaltaren i Vestland, e-post sfvlpost@statsforvalteren.no eller per post til **Statsforvaltaren i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger**.*

I 2010 vart det vedteke felles miljøkrav til utslepp frå asfaltverk. I forureiningsforskrifta kap. 24 er det gitt føringar for plassering av verket, utsleppsgrenser for støv, utslepp til luft, vatn og av støy, og reglar for korleis forureining skal målast, bereknast og dokumenterast.

Rettleiing til meldinga

Dette skjemaet gjeld for mobile og stasjonære asfaltverk med ein produksjonskapasitet på inntil 200 tonn vegmasse per time. Anlegg med produksjon på same stad i inntil 2 år vert rekna som mobilt asfaltverk.

Alle **nye anlegg** må i god tid før oppstart sende skriftleg melding til Statsforvaltaren. Dette gjeld òg ved **endring** eller **utvidingar** i eksisterande anlegg. Verksemda kan starte opp, endre eller utvide i samsvar med meldinga når det er gått 6 veker etter at meldinga er stadfesta motteken av Statsforvaltaren, med mindre Statsforvaltaren avgjer noko anna.

Nokre anlegg må ha utsleppsløyve

Statsforvaltaren kan på bakgrunn av meldinga, eller andre tilhøve på staden, avgjere at verksemda må ha løyve etter forureiningslova. Verksemda kan då ikkje starte opp før eventuelt løyve er gitt.

1. Opplysningar om verksemda

Namn på verksemda			
Gateadresse og poststad			
Kommune			
Organisasjonsnummer (bedriftsnummer)			
E-post verksemd			
Kontaktperson	Namn	E-post	Tlf.

**Stad**

Namn på anlegg / stad (ev. omtale av lokalitet og tilkomst)			
Gardsnr.		Bruksnr.	
Etableringsår/byggeår anlegg		Endra/utvida år:	
Avstand til næraste bygning eller anlegg der folk jamleg oppheld seg (omtalt kva for type bygningar som er mest utsett for ev. påverknad)			
Oppfyller anlegget etter dykkar syn krav til avstand i § 24-3?*	Krav til stasjonære anlegg: 300m. Krav til mobile anlegg: 200 m		

* *Stasjonært anlegg* kan ikkje plasserast nærare busetnad ("bebyggelse" i forskriftteksten) eller naturområde enn 300 m utan særskild løyve frå Statsforvaltaren
Mobilt anlegg kan ikkje plasserast nærare bygningar / naturområde enn 200 m.

Skjerming mot naboar

Namn, gards- og bruksnummer og type terreng til den eller dei næraste bygning/ar (oppge kva for type) som kan verte mest utsett for støy eller støvnedfall	
Kva er gjennomført / planlagt gjennomført av tiltak for skjerming av støyande eller støvande aktivitet mot nabo?	

2. Planstatus

Legg ved dokumentasjon på at verksemda er i samsvar med eventuell vedteken kommunal plan. Legg også ved planføresegner dersom desse omtalar støy, støv, lukt, vassutslepp eller driftstider.

Er lokaliseringa handsama i ein reguleringsplan?	
Namn på reguleringsplanen og dato for vedtak	



3. Produksjonsdata

Stasjonært eller mobilt anlegg? Type anlegg	
Omtal produksjonsprosessen	
Produksjonskapasitet (tonn vegmasse per time)	
Faktisk produksjon i gjennomsnitt (tonn vegmasse per time)	
Faktisk døgnproduksjon i gjennomsnitt (tonn vegmasse per døgn)	
Produksjonstider (Vekedagar, tider på døgnet)	
Har leiar registrert verksemda på www.avfallsdeklarerer.no ?	(Merk plikt for registrering seinast i 2016 og årleg plikt å levere oljerestar og anna farleg avfall til godkjent mottakar minst ein gong per år)

4. Mellomlagring av returafalt

Vil verksemda mellomlagre returafalt (Ja/nei)? Dersom ja, omtal plassering, maksimal mengd og forventa lagringstid	
Kva for sikringstiltak er gjort for å hindre avrenning frå lagringsområdet?	
Annan informasjon om korleis de handterer lagring av returafalt?	

5. Reinseanlegg / støvflukt

Har verksemda tørketrommel?	
Type reinseanlegg. Gje nærare omtale	
Skorsteinshøgde (m)	Minimumskrav etter § 24 – 6: Stasjonært anlegg: 15 m over bakke. Mobilt anlegg: 10 m over bakke
Venta eller målt støvkonsentrasjon skorstein (mg/Nm ³)	
Omtal tiltaka mot uønskt støvflukt	



Har verksemda fått klager på lukt? Omtal ev. kva for tiltak som vert gjort for å redusere lukt?	
Oppfyller verksemda krav til reinsing i § 24 – 5?	Krav: tekstilfilter som ikkje slepp ut meir enn 50 mg/nm ³ tørr gass. Innebygging av anleggsdelar som avgir støv, med avsug til filter. Støvutslepp skal ikkje vere synleg.

6. Støy

Har verksemda gjennomført støymålingar? Legg ved kopi av resultat og vurderingar	
Har de fått klager på støy? Omtal ev. kva for tiltak som vert gjort for å redusere lukt	
Oppfyller verksemda etter dykkar syn krav til utslepp av støy i § 24 – 8?	Sjå tabellen i paragrafen. gjennomsnittleg støy må målast / reknast ut av firma med særskilt kunnskap om støy, sjå § 24 – 9

Stad og dato

Underskrift

Underskrift er ikkje nødvendig ved elektronisk innsending (e-post med vedlegg)

Heile forskrifta

[Sjå heile kap. 24 i forureiningsforskrifta på Lovdata.no.](#)

Når du sender inn, legg (så langt råd) ved:

- Kart over området og detaljplassering av anlegget
- Kommunen sitt planvedtak (reguleringsplan og ev. planføresegner)
- Ev. resultat av støymåling / støyvurdering
- Ev. resultat av støvmåling
- Oversikt over typar og mengder per år av kjemikal / stoff og brukt emballasje / avfall som må handterast som farleg avfall
- Stadfesting på at anlegget er registrert i www.avfallsdeklarerer.no